



MØTEPROTOKOLL

Utvalg: Ulstein kommunestyre
Møtestad: Kommunestyresalen, Ulstein rådhus
Dato: 12.12.2013
Tid: 18:00 – 23:25

Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jan Berset	Ordførar	H
Tor Meinseth	Medlem	H
Knut Kleiven	Medlem	H
Heidi Strand	Medlem	H
Egil Ulfstein	Medlem	H
Steven P. Karunasamy	Medlem	H
Hans Petter Th. Ulstein	Medlem	H
Ivar Mork	Medlem	AP
Renathe Rossi-Kaldhol	Medlem	AP
Magne Grimstad jr.	Medlem	AP
Marianne Breivik	Medlem	AP
Hanne Notøy	Medlem	AP
Knut Erik Engh	Varaordførar	FRP
Svein Børre Dimmen	Medlem	FRP
Alf Johan Antonsen	Medlem	FRP
Steinar Torvik	Medlem	KRF
Björg Hasund	Medlem	KRF
Kåre Johan Lynge	Medlem	KRF
Pål Grødahl	Medlem	V
Eldar Knotten	Medlem	V
Aase Ulla	Medlem	V
Lisa Mari Breivik Anderson	Medlem	SP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Else Marie Brandal	MEDL	H
Silja Øvrelid	MEDL	AP
Einar Nevstad	MEDL	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Jan E. Helseth	Else Marie Brandal	H
Stig Grimstad	Silja Øvrelid	AP
Jon Åge Eidem	Einar Nevstad	FRP

Frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Einar Vik Arset	Rådmann
Verner Larsen	Ass. rådmann
Leif Ringstad	Kommunalsjef oppvekst og kultur
Arne Runar Vik	Kommunalsjef teknisk
Marit Botnen	Kommunalsjef helse og omsorg
Kari Mette Sundgot	Økonomi- og organisasjonsleiar
Rune Urke	Dagleg leiar UEKF
Marianne Hatløy	Politisk sekretær

I tillegg møte:

Jostein Støylen kontrollutvalssekretær/dagleg leiar Vest Kontroll

Permisjonar/Ugildskap

Heidi Strand bad om at habiliteten hennar vart vurdert i sak RS 13/69, då ho er omtalt i saka. Kommunestyret fann ho inhabil og ho fekk tre i frå.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel
	Spørjetime / opne talarstol
PS 13/81	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
PS 13/82	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
PS 13/83	MELDINGSSAKER
RS 13/67	NIVI RAPPORT 2013:3 – STATUS FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID I MØRE OG ROMSDAL – OVERSENDING/OPPFØLGING
RS 13/68	PROTOKOLLTILFØRSEL I KOMMUNESTYRET 26.09.13 - TILBAKEMELDING
RS 13/69	Unnateke off. Offl. § 13, fvl. § 13 BREV TIL ULSTEIN KOMMUNESTYRE
RS 13/70	UL 06-13 SAK 42-13 TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN 2008 - OMSORGSSEKTOREN. SAKSBEHANDLING M.M. - UTSKRIFT TIL KOMMUNESTYRET
RS 13/71	PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.12.13
PS 13/84	OPPLØYSING AV SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL
PS 13/85	FELLINGSAVGIFT FOR 2014
PS 13/86	DAGSENTER FOR ELDRE - ENDRINGAR
PS 13/87	MARKERING AV GRUNNLOVSJUBILEET - 200 ÅR I 2014
PS 13/88	LEVEKÅRSPLAN - VEDTAK ETTER HØYRING
PS 13/89	AVGIFTSPARKERING I ULSTEINVIK - ETTER HØYRINGSRUNDE
PS 13/90	AVTALE OM UTVIDING AV ULSTEIN LEGESENTER
PS 13/91	SKJENKEBEVILLING FRÅ KOKK'N ROLL FOR SKJENKESTAD KAFFIKARI
PS 13/92	INVESTERINGAR OG GEBYR FOR VATN OG AVLØP 2014
PS 13/93	GEBYRSATSAR 2014 FOR SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, MATRIKKELLOVA OG EIGARSEKSJONSLOVA.
PS 13/94	GEBYR FOR FEIING OG TILSYN MED FYRINGSANLEGG 2014
PS 13/95	GEBYR FOR RENOVASJON 2014
PS 13/96	OFFENTLEG FINANSIERING AV BARNEHAGAR 2014 - TILSKOTSSATSAR OG REVIDERING AV RETNINGSLINJER
PS 13/97	ØKONOMIPLAN 2014-2017 UEKF
PS 13/98	ØKONOMIPLAN 2014 - 2017

Eventuelt

- Kl. 18:00 – 18:30: Orientering om ev. nytt nettselskap Tussa/Tafjord - «Mørenett AS» ved adm. dir. i Tussa Kraft AS, Elling Dybdal.
- Ordføreren opna det ordinære møtet med å minnast folkevald Ove Kjell Ulstein med eitt minutt stillheit.

Ulsteinvik, 12.12.2013.

Jan Berset
ordfører

Marianne Hatløy
møtesekretær

Hanne Notøy

Alf Johan Antonsen

PS 13/81 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Innkalling og sakliste vart godkjent med tillegg av sakene RS 13/70 og 71.

PS 13/82 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Protokollen frå møtet den 21.11.2013 vart godkjent.

PS 13/83 MELDINGSSAKER

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Meldingane vart teke til vitande.

Handsaming:

Nye dokument:

RS 13/70 var ettersendt og lagt ut på gruppemøta.

RS 13/71 vart delt ut i møte.

RS 13/69 *Dokumentet er Unnateke off. Offl. § 13, fvl. § 13*

Heidi Strand bad om at habiliteten hennar vart vurdert då ho er omtalt i saka. Ho vart av kommunestyret funnen inhabil og fekk tre i frå. Ingen vara var kalla inn.

Representanten Eldar Knotten ville kom inn på tilhøve som var omtala i dokumentet.

Det vart då nødvendig at ordføraren tok opp spørsmålet om lukking av møtet, som då skal drøftast i lukka møte.

Administrasjonen (med unntak av Rådmannen) og politisk sekretær forlot møtet. Tilstades i møtet var 24 kommunestyrerepresentantar, kontrollutvalssekretær/dagleg leiar i Vest Kontroll og Rådmannen (som var sekretær).

Etter diskusjonen vart så møtet opna igjen for avstemming om lukking eller ikkje. Møtet vart samrøystes lukka med heimel i Kml § 31 nr.3.

Administrasjonen (med unntak av Rådmannen) og politisk sekretær var framleis borte frå møtet. Til stades under forhandlingane var 24 kommunestyrerepresentantar, kontrollutvalssekretær/dagleg leiar i Vest Kontroll og Rådmannen (som var sekretær).

Etter forhandlingane/spørsmåla i meldinga var unnagjort, gav eit samrøystes kommunestyre ordføraren fullmakt til å handsame denne saka og liknande saker i framtida.

Møtet vart så opna igjen.

RS 13/67 NIVI RAPPORT 2013:3 – STATUS FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID I
MØRE OG ROMSDAL – OVERSENDING/OPPFØLGING

RS 13/68 PROTOKOLLTILFØRSEL I KOMMUNESTYRET 26.09.13 - TILBAKEMELDING

RS 13/69 BREV TIL ULSTEIN KOMMUNESTYRE

RS 13/70 UL 06-13 SAK 42-13 TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN 2008 -
OMSORGSSEKTOREN. SAKSBEHANDLING M.M. - UTSKRIFT TIL
KOMMUNESTYRET

RS 13/71 PROTOKOLL FRÅ MØTE 09.12.13

PS 13/84 OPPLØYSING AV SØRE SUNNMØRE HJORTEVILTUTVAL

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Ulstein kommune går inn for å avvikle Søre Sunnmøre Hjorteviltutval.

Handsaming:

Tilrådinga frå Teknisk utval vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/85 FELLINGSAVGIFT FOR 2014

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Fellingsavgifta for 2014 vert sett til kr. 350 per vakse dyr og kr. 220 per kalv.

Handsaming:

Tilrådinga frå Teknisk utval vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/86 DAGSENTER FOR ELDRE - ENDRINGAR

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Ulstein kommunestyre ser positivt på at dagsenter for eldre vert vidareutvikla ved å legge meir vekt på førebyggjande tiltak for heimebuande eldre. Dette inneber auka tilbod på fysiske, sosiale og kulturelle aktivitetar.

Vedtak om plass ved dagsenter vert frå 01.01.2014 gjort i medhald av Helse- og omsorgstenestelova § 3-3. Pris for deltaking ved dagsenteret vert frå 2014 kr 145 per dag. Dette inkluderer dagsenteropphald, transport og måltid.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/87 MARKERING AV GRUNNLOVSJUBILEET - 200 ÅR I 2014

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

1. Ulstein kommune peikar ut i høve markering av Grunnlovsjubileet følgjande:
 - 1 repr. frå kvart av dei politiske partia i Ulstein
 - 2 repr. frå Ulstein historielag
 - 1 repr. frå Kulturkontoret
 - 1 repr. frå Kyrkja i Ulstein
 - ordførar
 - politisk kontor (sekretariat for nemnda)
2. Ulstein kommune løyver inntil kr. 50 000 til denne markeringa. Dekning over tilleggsløyvingar i 2014-budsjettet.

- Ulstein kommune støttar vedlagt «Forslag til uttalelse om grunnlovfesting av det lokale folkestyret» og ber om at kommunen si uttale vert oversendt stortinget/stortingsrepresentantane.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/88 LEVEKÅRSPLAN - VEDTAK ETTER HØYRING

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Ulstein kommune godkjenner levekårplan 2013 til 2020 med slike endringar:

	Handtering av merknad
1	Tekstdel om det fleirkulturelle Ulstein vert innarbeid under punkt 2.2 Ramme for utvikling (sjå tekst 1 under tabellen)
2	Under punktet Felles / Kartleggingar i handlingsplanen – nytt punkt: Ulstein kommune skal legge til rette for brukar medverknad gjennom spørjeundersøkingar.
3	Endre «fire omsorgsbaser for psykisk utviklingshemma» i 2. kolonne side 10 i planen Tekst vert endra til «fire samlokaliserte bustader for menneske med utviklingshemming.
4	«Ulstein kommune skal stø opp om aktivitet og tilskippingar i krinsane» Punktet vert innarbeidd som nytt punkt under Kultur / Allsidig kulturtilbod og møtestadar for alle, som fremjar aktivitet, trivsel og lokal identitet (side 31)
5	Det vert lagt inn endingar på side 14 i planen slik det er vist under Tekst 2 under tabellen
6	Billedbruk vert vurdert i arbeidet med endeleg planframlegg.
7	Det vert lagt inn ei endring i teksten side 22 sjå tekst 3 under tabellen
8	Tekst side 7 midtspalte «Spesialundervisning i førskolealder» vert endra til «Spesialpedagogisk hjelp i førskulealder»
9	Side 7 midtspalte tillegg «Einaste Snoezelen avdelinga på Søre Sunnmøre er lagt til kompetansesenteret» Tiltaket er under vurdering i økonomiplanen. Vert ikkje innarbeidd dersom tiltaket vert avslutta.
10	Nytt punkt 4 i handlingsplan under Felles / Fysisk miljø side 25 : Ut frå si plassering og «den grønne korridor» skal ein ha fokus på tilrettelegging av rekreasjonsområde ved sjøen.
11	Tekstdelen vert endra på side 20 under punkt 2.4. tillegg er vist med raud skrift: For å få eit inkluderande og mangfaldig kulturliv er det viktig med tilgjengelege og gode anlegg og lokale for idrett og fysisk aktivitet, kor, korps og kulturlivet elles, både til øvingar, trening og framsyningar. Gjensidig samarbeid med frivillige organisasjonar er avgjerande for å nå målet. Frivillige lag og organisasjonar er berejvelken i det lokale kulturlivet. Det er viktig at vi legg til rette for dette og samarbeider med frivillig sektor. Idrettslaga i Ulstein driv eit omfattande arbeid, særleg mellom barn og unge. Den allsidige idretten i dei mange idrettslaga er viktig både med tanke på folkehelsa og den sosiale fellesskapen i heile kommunen. I fleire tiår har Høddvoll vore arena for toppfotball og Hødd har stått for mange magiske augneblink og vore ein identitetsskapar for Ulsteinsamfunnet
12	Nytt punkt under handlingsplanen side 31 Ny overskrift Kultur / Livssyn

	Handtering av merknad
	Nytt punkt Etablere ny arbeidskyrkje

Handsaming:

Tilrådinga frå Levekårsutvalet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/89 AVGIFTSPARKERING I ULSTEINVIK - ETTER HØYRINGSRUNDE

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

- A. Ulstein kommune vel å ikkje innføre avgiftsparkering i denne kommunestyreperioden.
- B. Det vert søkt samarbeid med kommunane på Søre Sunnmøre med det som formål å få til ei felles innføring av avgiftsparkering for handelssentra i regionen.
- C. Når arbeidet med Sjøgata nærmar seg ferdigstilling, skal gjeldande parkeringsplan evaluerast. Ein skal der vurdere både parkeringsordninga i sentrum og handhevinga av denne.
- D. Gjeldande ordning med tidsavgrensa parkering for delar av sentrum skal vidareførast fram til slik evaluering er gjennomført.

Handsaming:

Framlegg frå Ulstein Venstre:

Ulstein kommune vel å ikkje innføre avgiftsparkering i denne kommunestyreperioden.

Framlegg frå Ulstein KrF:

Som tilrådinga frå Ulstein formannskap med unntak av pkt. B.

Røysting:

- 1. Framlegget frå Ulstein Venstre fekk 11 røyster og fall.
- 2. Tilrådinga frå Ulstein formannskap pkt. A vart vedteken med 25 mot 0 røyster.
- 3. Tilrådinga frå Ulstein formannskap pkt. B vart vedteken med 14 røyster mot framlegget frå Ulstein KrF som fekk 11 røyster og fall.
- 4. Tilrådinga frå Ulstein formannskap pkt. C og D vart vedteken med 21 mot 4 røyster.

PS 13/90 AVTALE OM UTVIDING AV ULSTEIN LEGESENTER

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

- 1. Ulstein kommune inngår vedlagt avtale med Ulstein legesenter AS om utviding av Ulstein legesenter AS.
- 2. Rådmannen får myndigheit til å godkjenne justeringar av avtalen som ikkje går utanfor dei økonomiske rammene som er sett.
- 3. Låneopptak på kr 1 086 000 vert å innarbeide i budsjettet for 2014. Eventuelt tilskot kjem til frådrag i låneopptaket. Driftskostnader ligg i tiltak i økonomiplanen 2014 -2017.

Handsaming:

Tilrådinga frå Levekårsutvalet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/91 SKJENKEBEVILLING FRÅ KOKK'N ROLL FOR SKJENKESTAD KAFFIKARI

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Søknaden frå Kokk'n Roll AS org.nr. 987664266 - ved dagleg leiar Sigurd Johan Thorheim vert imøtekomen, med Kari Janne Andersen som skjenkestyrar og Silje Beathe Aarset Mork som avløyser.

Skjenkeløyvet vert gjeve på fylgjande måte:

- a. skjenkeløyve for gruppe I
- b. skjenkeløyve for gruppe II
- c. skjenkeløyve for gruppe III

Skjenketida vert fastsett slik:

- a. for alkohol gruppe III kl 18.00 til 24.00 alle dagar lova heimlar.
- b. for alkohol gruppe I og II kl 11.00 til 0100 måndag-torsdag og søndag/helgedag for kvardag og kl 11.00 til 0200 fredag, laurdag og søndag/helgedag som ikkje kjem føre kvardag. Skjenketida skal vere 11.00 til 02.00 palmesøndag fram til onsdagen etter, og 2. juledag fram til 01. nyttårsdag.
- c. Uteservering for alkohol i gruppe I og II til kl 24.00
- d. Ved lukka arrangement innanfor tidsramma kl 11.00-01.00 kvardagar unnateke fredag, søndag og helgedag før kvardag, og kl 11.00-02.00 fredag, laurdag og helgedag som ikkje har påfølgjande kvardag.
- e. konsumet av alkohol i gruppe I, II og III skal halde opp seinast 30 minutt etter at skjenketida går ut.

Vilkår:

1. Løyvehavar må oppfylle dei krav til styrar og stedfortredar som fylgjer av lover og forskrift.
2. At pålegg frå Teknisk utval om byggetekniske krav og arealmessige avgrensingar i h.h.t § 41 i reguleringsføresegnene for fri ferdsel på kaia vert fylgt.
3. Det vert høve til uteservering fram til kl 24.00 under føresetnad av at skjenkearealet vert avstengt for ukontrollert tilgang frå utsida.
5. Ta del i Ansvarlig Vertskapskurs når/om slike vert arrangert og det skal nyttast godkjende ordensvakter.

Løyvet gjeld fram til 30.06. 2016. Brot på skjenkeføreskriftene vil kunne få fylgjer for skjenkeløyvet.

Handsaming:

Tilrådinga frå Levekårsutvalet vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/92 INVESTERINGAR OG GEBYR FOR VATN OG AVLØP 2014

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

I medhald av Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 1974, godkjenner Ulstein kommunestyre følgjande auka investeringsrammer og gebyr for 2014:

1. Investeringsramma for vatn vert sett til 11,3 mill. kroner. Finansiert med lån.
2. Satsane for abonnement- og forbruksgebyr for vatn, samt målarleige vert auka med 3 %
3. Investeringsramma for avløp vert sett til 3,6 mill. kroner. Finansiert med lån.
4. Satsane for abonnement- og forbruksgebyr for avløp vert auka med 5 %

Tilknytingsgebyr vert uendra i høve satsane for 2013.

Gebyra vert gjort gjeldande frå 1.1.2014.

Handsaming:

Tilrådinga frå Teknisk utval vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/93 GEBYRSATSAR 2014 FOR SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, MATRIKKELLOVA OG EIGARSEKSJONSLOVA.

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

1. I medhald av § 33-1 i Plan- og bygningslova, § 32 i Matrikkellova og § 7 i lov om eigarseksjonar godkjenner kommunestyret følgjande:
 - a. Satsane i gjeldande gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova verta auka med 10 %. Grunnbeløpet vert auka frå kr. 2100 til kr. 3000.
 - b. Satsane i gjeldande gebyrregulativ for arbeid etter Matrikkellova vert auka med 10 %.
 - c. Satsane for seksjoneringssaker etter Eigarseksjoneringslova vert regulert i høve til rettsgebyret for 2014.
2. Administrasjonen får fullmakt til å oppdatere gebyrregulativet med basis i kommunestyret sitt vedtak.
3. Endringane vert gjort gjeldande frå 01.01.2014.

Handsaming:

Tilrådinga frå Teknisk utval vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/94 GEBYR FOR FEIING OG TILSYN MED FYRINGSANLEGG 2014

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, heimla i brann- og eksplosjonsvernlova § 28, vert kr 325,- pr. hus som har fyringsanlegg og for ekstra pipeløp eit tillegg på kr 100,-.

Gebyret vert gjeldande frå 01.01.2014.

Handsaming:

Tilrådinga frå Teknisk utval vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/95 GEBYR FOR RENOVASJON 2014

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for SSR i samsvar med vedtak frå representantskapet i selskapet, som går fram av vedlegg til denne saka.

Regulativet vert gjeldande frå 01.01.2014.

Handsaming:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

PS 13/96 OFFENTLEG FINANSIERING AV BARNEHAGAR 2014 - TILSKOTSSATSAR OG REVIDERING AV RETNINGSLINJER

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

Ulstein kommune vedtek framlegg til reviderte retningslinjer ”Retningslinjer for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje- kommunale barnehagar f.o.m. 2014” som dei ligg føre.

Ulstein kommune vedtek følgjande satsar for offentlig tilskot til ikkje-kommunale barnehagar i Ulstein for 2014:

	Ulstein					
	Per time			Per heiltidsplass		
	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt
Tilskot ordinære barnehagar - små barn	77,6	0,7	78,3	167 670	1 524	169 194
Tilskot ordinære barnehagar - store barn	37,2	0,7	37,9	80 367	1 524	81 891

Handsaming:

Utsetjingsframlegg frå Ulstein FrP:

Ulstein kommunestyre viser til at eit velfungerande barnehagetilbod er avgjerande for at kommunen skal nå sine målsetningar om vidare vekst i folketalet. Vidare er det ein vesentleg føresetnad for at næringslivet skal greie å rekruttere nye medarbeidarar utanfrå, at ein i størst mogleg grad kan tilby barnehageopptak gjennom heile året. Nytt framlegg til retningslinjer ivaretek ikkje dette, spesielt vil ein peike på at overgangen frå 3 teljingar til 1 teljing pr år vil verke negativt for eit løpande opptak. Kommunestyret vel såleis ikkje vedta dei nye retningslinjene slik dei er framlagde.

Kommunestyret ber om at retningslinjene vert omarbeidd og at saka vert lagt fram på nytt i førstkomande kommunestyre.

Røysting over utsetjingsframlegget:

Utsetjingsframlegget frå Ulstein FrP fekk 8 røyster og fall.

Framlegg frå Ulstein FrP:

Ulstein kommune vedtek følgjande satsar for offentlig tilskot til ikkje-kommunale barnehagar i Ulstein for 2014:

	Ulstein					
	Per time			Per heiltidsplass		
	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt	Drift inkl. adm	Kapital	Totalt
Tilskot ordinære barnehagar - små barn	77,6	0,7	78,3	167 670	1 524	169 194
Tilskot ordinære barnehagar - store barn	37,2	0,7	37,9	80 367	1 524	81 891

Røysting:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 19 røyster mot framlegget frå Ulstein FrP som fekk 6 røyster og fall.

PS 13/97 ØKONOMIPLAN 2014-2017 UEKF

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner framlagt økonomiplan 2014-2017, og budsjett 2014, slik det ligg føre, men med følgjande endringar:
For året 2015 -2017 vert auken i stillingar redusert frå 3,5 stillingar til 2 stillingar. Kostnadsreduksjon: 590.000 kr. Auken i driftskostnadar nybygg i same perioden vert redusert med 750.000 kroner. Kostnadsreduksjonen for begge postane fører til at rentefondet vert auka med kr. 1.340.000.
2. Kommunestyret godkjenner eit låneopptak for 2014 på kr. 199.960.000.
3. Kommunestyret godkjenner låneporteføljen til UEKF, jamfør tabell side 7 og 8 i hovuddokumentet. Alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansieringar i inneverande år, og i budsjettåret 2014.

Handsaming:

Redaksjonell endring: *styret* vert endra til *kommunestyret* i vedtaket.

Fellesframlegg frå FrP, V, KrF og SP:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner framlagt økonomiplan 2014-2017, og budsjett 2014, slik det ligg føre, men med følgjande endringar:
 - a) For året 2015 -2017 vert auken i stillingar redusert frå 3,5 stillingar til 2 stillingar. Kostnadsreduksjon: 590.000 kr. Auken i driftskostnadar nybygg i same perioden vert redusert med 750.000 kroner. Kostnadsreduksjonen for begge postane fører til at rentefondet vert auka med kr. 1.340.000.
 - b) **Investering Arena Ulstein vert teken ut av økonomiplanen for perioden**
2. **Kommunestyret** godkjenner eit låneopptak for 2014 på kr. **21.760.000.**
3. **Kommunestyret** godkjenner låneporteføljen til UEKF, jamfør tabell side 7 og 8 i hovuddokumentet. Alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansieringar i inneverande år, og i budsjettåret 2014.

Røysting:

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 14 røyster mot fellesframlegget frå FrP, V, KrF og SP som fekk 11 røyster og fall.

PS 13/98 ØKONOMIPLAN 2014 - 2017

Vedtak i Ulstein kommunestyre, 12.12.2013:

1. Rådmann sitt framlegg til økonomiplan 2014 – 2017 og budsjett 2014 vert vedteke slik det framgår av heftet med følgjande endringar:

Driftstiltak:

Tiltak	2014	2015	2016	2017
Endringar rammetilskot, nytt budsjettforslag	1 301 153	2 096 452	2 096 452	2 096 452
Tilbakeføring- Makspris barnehage	-278 432	-360 765	-360 765	-360 765
Tilbakeføring -To barnehageopptak pr år	-376 799	-529 122	-529 122	-529 122
Kontantstøtte - mindre barnehageplassar	-534 000	-534 000	-534 000	-534 000
Skjønn Fylkemannen	-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000
Nye satsar barnehagetilskot	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Fordelt husleige Reiten	-	-	-	-
Fordelt avsett pott lokalt oppgjer 2013	-	-	-	-
Korrigert inntekt parkering		800 000	800 000	800 000
Ikkje parkeringsavgift		1 517 500	1 517 500	1 517 500
Ikkje Eigedomsskatt			9 000 000	9 000 000
Styrking tilleggsøyving	370 000	350 000	350 000	350 000
Ikkje legge ned Snozelen	130 000	150 000	150 000	150 000
Vaktlag brann	200 000	400 000	400 000	400 000

Investeringsiltak:

IKT investeringar SSIKT, lån 322 327	-	-	-	-
Bustadtomter Hasund og Dimna, inv.ramme 6 mill i påvente av tomteinntekter	-	-	-	-
Endringar	1 061 922	4 140 065	13 140 065	13 140 065
Bruk av driftsfond	-1 061 922	-4 140 065	-13 140 065	-13 140 065

Dette gir slikt oppsett i skjema 1a/b og 2a/b:

Skjema 1A Driftsbudsjettet

	Rekneskap 2012	År Bud Ar 2013	Bud Ar 2014	Bud Ar 2015	Bud Ar 2016	Bud Ar 2017
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER						
Skatt på inntekt og formue	-197 465 290	-210 593 000	-216 612 000	-216 612 000	-216 612 000	-216 612 000
Ordinært rammetilskudd	-170 365 253	-171 245 000	-177 054 847	-176 259 548	-176 259 548	-176 259 548
Skatt på eiendom			-	-	-	-
Andre direkte eller indirekte skatter	-27 402	-27 000	-27 000	-27 000	-27 000	-27 000
Andre generelle statsliskudd	-15 364 333	-22 249 295	-17 149 295	-17 149 295	-17 149 295	-17 149 295
Sum frie disponible inntekter	-383 222 278	-404 114 295	-410 843 142	-410 047 843	-410 047 843	-410 047 843
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER						
Renteinntekter og utbytte	-4 977 322	-4 637 000	-4 637 000	-4 637 000	-4 637 000	-4 637 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	8 486 049	8 867 000	11 408 250	11 481 750	12 265 250	12 265 250
Avdrag på lån	8 614 768	7 099 000	7 737 000	7 818 500	8 704 000	8 704 000
Netto finansinntekter/-utgifter	12 123 495	11 329 000	14 508 250	14 663 250	16 332 250	16 332 250
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER						
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	3 862 739					
Til ubundne avsetninger		11 943 196	4 314 836	6 410 714	-	-
Til bundne avsetninger	2 565 079	1 036 500	1 461 500	1 036 500	1 861 500	1 861 500
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		-8 219 652				
Bruk av ubundne avsetninger	-7 995 325		-	-	-561 286	-479 286
Bruk av bundne avsetninger	-2 752 422	-3 370 436	-1 462 143	-2 027 300	-1 131 834	-1 131 834
Netto avsetninger	-4 319 929	1 389 608	4 314 193	5 419 914	168 380	250 380
FORDELING						
Overført til investeringsregnskapet	7 211 646	10 161 690				
Til fordeling drift	368 207 067	381 233 997	392 020 699	389 964 679	393 547 213	393 465 213
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	359 987 415	381 233 993	392 020 699	389 964 679	393 547 213	393 465 213
Merforbruk/mindreforbruk = 0	8 219 652	4	0	0	0	0

Ulstein kommune, Budsjett 2014 og Økonomiplan 2014 - 2017

Skjema 1B Driftsbudsjettet Fordelt på etatar

	Rekneskap 2012	Budsjett År 2013	Budsjett År 2014	Budsjett År 2015	Budsjett År 2016	Budsjett År 2017
Sum utgifter	4 097 672	4 231 349	4 074 992	4 074 992	4 074 992	4 074 992
Sum inntekter	-70 260	-58 625	-58 625	-58 625	-58 625	-58 625
Folkevalde	4 027 412	4 172 724	4 016 367	4 016 367	4 016 367	4 016 367
Sum utgifter	32 980 052	44 231 097	40 455 370	43 175 370	43 125 370	43 125 370
Sum inntekter	-4 639 251	-4 504 656	-4 332 395	-4 332 395	-4 332 395	-4 332 395
Sentraladm., kyrkje m.m.	28 340 801	39 726 441	36 122 975	38 842 975	38 792 975	38 792 975
Sum utgifter	233 693 645	234 593 718	234 699 212	231 657 954	237 107 954	237 107 954
Sum inntekter	-38 839 119	-33 064 241	-33 369 788	-33 220 156	-33 220 156	-33 220 156
Oppvekst og kultur	194 854 526	201 529 477	201 329 424	198 437 798	203 887 798	203 887 798
Sum utgifter	47 067 625	42 790 008	43 202 771	44 992 928	42 872 462	42 872 462
Sum inntekter	-29 757 417	-29 311 757	-30 301 087	-31 101 087	-30 701 087	-30 701 087
Teknisk etat	17 310 208	13 478 251	12 901 684	13 891 841	12 171 375	12 171 375
Sum utgifter	186 122 744	190 108 963	183 433 598	180 584 047	180 502 047	180 420 047
Sum inntekter	-48 415 653	-50 718 001	-39 134 099	-39 134 099	-39 134 099	-39 134 099
Helse og omsorg	137 707 091	139 390 962	144 299 499	141 449 948	141 367 948	141 285 948
Sum utgifter	-1 063 959	-1 949 250	-1 949 250	-1 949 250	-1 949 250	-1 949 250
Sum inntekter	-21 188 663	-15 114 612	-4 700 000	-4 725 000	-4 740 000	-4 740 000
Fin. transaksjonar	-22 252 623	-17 063 862	-6 649 250	-6 674 250	-6 689 250	-6 689 250
Sum fordelt til drift	359 987 415	381 233 993	392 020 699	389 964 679	393 547 213	393 465 213

Ulstein kommune, Budsjett 2014 og Økonomiplan 2014 - 2017

Skjema 2A Investeringsbudsjettet

	Rekneskap År 2012	Bud År 2013	Bud År 2014	Bud År 2015	Bud År 2016	Bud År 2017
FINANSIERINGSBEHOV						
Investeringar i anleggsmidlar	121 147 795	175 843 378	54 522 327	6 074 000	6 074 000	0
Utlån og forskotering	4 648 079	21 243 496	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
Avdrag på lån	2 865 822	33 300 000				
Avsetningar	587 285	5 648 000				
Årets finansieringsbehov	129 248 982	236 034 874	66 522 327	18 074 000	18 074 000	12 000 000
FINANSIERING						
Bruk av lånemidlar	-87 608 958	-124 028 003	-57 647 327	-13 619 000	-13 619 000	-12 000 000
Inntekt fra sal av anleggsmidlar	-9 161 651	-83 500 000				
Tilskot til investeringar	-2 094 016					
Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	-3 028 571	-2 100 000	-8 875 000	-4 455 000	-4 455 000	-
Andre inntekter	-7 211 646					
Sum ekstern finansiering	-109 104 842	-209 628 003	-66 522 327	-18 074 000	-18 074 000	-12 000 000
Overført frå driftsrekneskapet		-10 325 407				
Bruk av avsetningar	-20 144 139	-16 081 464				
Sum finansiering	-129 248 982	-236 034 874	-66 522 327	-18 074 000	-18 074 000	-12 000 000
Udekket/udisponert = 0	0	0	0	0	0	0

Ulstein kommune, Budsjett 2014 og Økonomiplan 2014 - 2017				
Skjema 2B Investeringsbudsjettet				
Tiltak	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
EDB-utstyr	300 000	-	-	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	75 000	-	-	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-75 000	-	-	-
Bruk av lån	-300 000	-	-	-
Fiberkabel Ulsteinvik sentrum	-	-	-	-
EDB-utstyr	375 000	-	-	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	62 500	-	-	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-62 500	-	-	-
Bruk av lån	-375 000	-	-	-
IKT, Lagring Hovud San	-	-	-	-
EDB-utstyr	500 000	-	-	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	125 000	-	-	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-125 000	-	-	-
Bruk av lån	-500 000	-	-	-
Fiberkabel Ulsteinvik - Hareid	-	-	-	-
EDB-utstyr	322 327			
Bruk av lån	-322 327			
SSIKT-investeringar	-			
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	-	4 859 000	4 859 000	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	-	1 215 000	1 215 000	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-	-1 215 000	-1 215 000	-
Refusjon fra andre (private)	-	-3 240 000	-3 240 000	-
Bruk av lån	-	-1 619 000	-1 619 000	-
Sjøsida uteområde	-	-	-	-
EDB-utstyr	500 000	-	-	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	125 000	-	-	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-125 000	-	-	-
Bruk av lån	-500 000	-	-	-
IKT-investeringar i skulen	-	-	-	-
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	1 500 000	-	-	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	375 000	-	-	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-375 000	-	-	-
Refusjon fra andre (private)	-1 000 000	-	-	-
Bruk av lån	-500 000	-	-	-
Sjøgata, arealet mellom hotellet og sjøsida	-	-	-	-
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	24 000 000	-	-	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	6 000 000	-	-	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-6 000 000	-	-	-
Bruk av lån	-24 000 000	-	-	-
Parkering Arena Ulstein	-	-	-	-
Grunnkjøp mm	4 000 000	-	-	-
Bruk av lån	-4 000 000	-	-	-
Kjøp av Vik Eigedom	-	-	-	-

Ulstein kommune, Budsjett 2014 og Økonomiplan 2014 - 2017				
Skjema 2B Investeringsbudsjettet				
Tiltak	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Grunnkjøp mm	4 700 000	-	-	-
Bruk av lån	-4 700 000	-	-	-
Grunnkjøp Saunesmarka	-	-	-	-
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	6 000 000	-	-	-
Bruk av lån	-6 000 000	-	-	-
Tomteinntekt		-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Avdrag		2 000 000	2 000 000	2 000 000
Tomter Hasund og Dimna krins	-	-	-	-
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	1 000 000	-	-	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	250 000	-	-	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-250 000	-	-	-
Trafikktryggingstiltak	1 000 000	-	-	-
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	2 900 000	-	-	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	725 000	-	-	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-725 000	-	-	-
Bruk av lån	-2 900 000	-	-	-
Flaumsikring Vikeelva	-	-	-	-
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	550 000	-	-	-
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	137 500	-	-	-
Momskomp. investeringsrekneskapen	-137 500	-	-	-
Bruk av lån	-550 000	-	-	-
Riving av Reitehuset og opparbeiding parkeringsplassar	-	-	-	-
Utlån	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
Bruk av lån	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000
Startlån	-	-	-	-

2. Ulstein kommune godkjenner eit låneopptak på kr. 57 647 327,-
3. Kommunestyret godkjenner låneporteføljen til Ulstein kommune, jf. vedlagt oversikt til saka, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansieringar i inneverande år og i budsjettåret 2014.

Vedtekne verbalpunkt:

- Kommunestyret ber rådmannen arbeide for at Utekontakten skal vurderast på nytt, men vil peike på at ei funksjonell og operasjonell utekontakt må vere regionalt forankra, då dette er sjølv grunnlaget for Utekontakten si verksemd. Dersom det skulle vise seg umogeleg å forankre Utekontakten regionalt, ber vi rådmannen om å fremje sak om ei mogleg etablering av Utekontakten i eiga kommune med eigne midlar.
- Med vising til ny regjering sin politiske plattform av 7. oktober 2013 – «Politisk plattform for en regjering utgått av Høyre og Fremskrittspartiet», kap. 10 - Kommunal, legg Ulstein kommunestyre til grunn at «Regjeringen vil la den enkelte kommune beholde mer av sine egne skatteinntekter. Blant annet skal kommunene få beholde en del av selskapsskatten der hvor verdiene er skapt. Regjeringen vil styrke økonomien i

kommuner med store investeringsbehov som følge av sterk befolkningsvekst». Kommunestyret legg til grunn at oppbygging av fonds i økonomiplanperioden, saman med den nye regjeringa sin klare intensjon om å styrke kommuneøkonomien spesielt i kommunar med sterk vekst, vil vege opp for heile eller deler av innteksttapet ved bortfall av eigedomsskatt og parkeringsavgift Ulsteinvik sentrum i økonomiplanperioden. Så lenge der ikkje enno finst ein konkret modell for korleis dette vil verte gjort i praksis, er det imidlertid vanskeleg å talfeste dette i økonomiplanen no.

Protokolltilførsel frå Ulstein Venstre, KrF og SP vedkomande Arena Ulstein:

Vi er mot at prosjektet Arena Ulstein blir vedtatt i den forma og med den kostnadsstørrelsen og den framdriftsplanen den no har.

Handsaming:

Nytt vedlegg delt ut i møte:

Uttale frå Ungdomsrådet i møte 11.12.2013, datert 12.12.2013, l.nr. 11734/2013.

Fellesframlegg frå Ulstein Høgre og Ulstein Arbeiderparti:

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2014 – 2017 vert vedteke slik det går fram av heftet «Budsjett- og økonomiplan 2014 – 2017» med følgjande endringar/presiseringar:

- Posten for tilleggsøyvingar vert styrka med kr 500.000,- for budsjettåret 2014 og for dei følgjande 3 åra i øk. plan perioden, 2015, 2016 og 2017. Ved å auke posten for tilleggsøyvingar med kr 500.000,- for 2014, vil Formannskapet/Kommunestyret kunne vurdere td. dei tiltaka som kjem fram gjennom uttalar både frå Teknisk utval og Levekårsutvalet. *Dekning:* Reduksjon ubundne avsetningar med kr 500.000,- for 2014, 2015, 2016 og 2017.
- Skatt på eigedom for budsjettåret 2016 og 2017 vert tatt ut av økonomiplanen. Kommunestyret vil event. kome attende til dette dersom føresetnadene nedfelt i økonomiplanen endrar seg vesentleg i øk. plan perioden. *Dekning:* Reduksjon ubundne avsetningar i øk. plan perioden.
- Parkeringsavgift for 2015, 2016 og 2017 i Ulsteinvik sentrum frå og med 2015 vert teken ut av øk. planen. Kommunestyret ser at det kan verte naudsynt å innføre betalt parkering i Ulsteinvik for å utvikle parkeringssituasjonen i sentrum, og for å kunne bidra til å auke kvaliteten på sentrumsutviklinga i Ulsteinvik, men vil kome attende til saka når den store aktiviteten i Ulsteinvik sentrum er over. Kommunestyret vil samstundes arbeide for eit betre samarbeid og dialog mellom kommunen og dei næringsdrivande i sentrum, for å auke forståinga av parkeringsavgift som eit mogeleg tiltak i høve vidare sentrumsutvikling. Kommunestyret vil og arbeide for at parkeringsavgift ikkje skal verke konkurransevridande korkje internt i eigen kommune eller for dei ulike sentra i regionen. *Dekning:* Reduksjon ubundne avsetningar.
- Kommunestyret ber rådmannen arbeide for at Utekontakten skal vurderast på nytt, men vil peike på at ei funksjonell og operasjonell utekontakt må vere regionalt forankra, då dette er sjølvge grunnlaget for Utekontakten si verksemd. Dersom det skulle vise seg umogeleg å forankre Utekontakten regionalt, ber vi rådmannen om å fremje sak om ei mogeleg etablering av Utekontakten i eiga kommune med egne midlar.

- Med vising til ny regjering sin politiske plattform av 7. oktober 2013 – «Politisk plattform for en regjering utgått av Høyre og Fremskrittspartiet», kap. 10 - Kommunal, legg Ulstein kommunestyre til grunn at «Regjeringen vil la den enkelte kommune beholde mer av sine egne skatteinntekter. Blant annet skal kommunene få beholde en del av selskapskatten der hvor verdiene er skapt. Regjeringen vil styrke økonomien i kommuner med store investeringsbehov som følge av sterk befolkningsvekst». Kommunestyret legg til grunn at oppbygging av fonds i økonomiplanperioden, saman med den nye regjeringa sin klare intensjon om å styrke kommuneøkonomien spesielt i kommunar med sterk vekst, vil vege opp for heile eller deler av inntektstapet ved bortfall av eigedomsskatt og parkeringsavgift Ulsteinvik sentrum i økonomiplanperioden. Så lenge der ikkje enno finst ein konkret modell for korleis dette vil verte gjort i praksis, er det imidlertid vanskeleg å talfeste dette i økonomiplanen no.

20.11.13

Ulstein Høyre

Ulstein Arbeiderparti

Felles forståing:

Høyre og Arbeidarpartiet har ei felles forståing av kva som skal ligge til grunn for eit ansvarleg og samstundes framtidretta budsjett. Vi har eit klart fokus på at kommunen skal ha eit forsvarleg driftsnivå med gode tenester, samstundes som vi skal “rigge oss for framtida” med naudsynte utviklingsprosjekt. Begge partia har vore tydelege på satsingane sine og legg klare føringar for å gjennomføre ei storstilt satsing for born og unge sine oppvekstvilkår i kommunen.

Arbeidarpartiet og Høyre har som felles utgangspunkt å vere positive til alle tiltak som kan bidrage til at Ulstein vert ein trivselskommune, fordi trivsel og helse er så tett knytte saman. Det handlar om å prioritere grunnlaget for betre folkehelse på alle arenaer der born og unge vankar, fordi det er i stor grad der grunnlaget for det vidare livet vert lagt. På lang sikt vil ei slik satsing kunne ha ein innsparende effekt på reparasjonssida.

Arena Ulstein er eit folkehelseprosjekt:

Arena Ulstein er utan tvil det viktigaste skuleprosjektet i Ulstein Kommune dei neste fem åra og skal løyse mangel på idrett- og symjehall i sentrum. Men slik vi ser det, må ein sjå Arena Ulstein i eit større perspektiv enn berre som eit symjebasseng og ein gymsal som skal stette kravet i opplæringslova, eller biblioteket berre som ein stad for utlån av bøker.

I tillegg til det openberre i kva folkehelse som ligg eit utvida og betre tilrettelagt tilbod for trening og rekreasjon til skuleborna, så er eit attraktivt, ope, moderne og tilgjengeleg bibliotek også viktig for folkehelsa. Å bidrage til at born og unge får ein attraktiv møtestad der leselyst og kunnskapsopplevingar er i fokus allereide frå barnehagenivå, handlar i stor grad om utvikling av folkehelsa.

Utviklinga av språk og språkforståing er eit viktig grunnlag for å meistre vaksenlivet. Denne kunnskapen er ikkje noko som berre kjem til oss gjennom norsktimar i skulen, sjølv om det viktigaste grunnlaget vert lagt der, men kor godt vi utviklar språkforståinga heng også saman med kor ofte vi brukar det vi har lært. Kan vi i større grad inspirere borna til å lese meir, vil vi som bonus få endå betre norskresultat i skulen.

I tillegg vil me streke under at Folkebiblioteket også er ein møtestad som er open for alle og gratis med tilbod på mange språk. Folkebiblioteket er ein stad der alle innbyggjarane i

kommunen, uansett lommebok og nasjonalitet, kan kjenne seg velkomne og vere likeverdige og likestilte. Når vi veit at Ulstein Kommune er ein fleirkulturell kommune, ser vi det som viktig å satse på ein av dei viktigaste kommunale integreringsarenaene. Integrering er avgjerande for trivsel, som igjen er avgjerande for god helse.

Den nye folkehelselova peikar klart på kor viktig førebyggjing og tilrettelegging er innan alle former for aktivitet og trivsel. Tidleg innsats i alle av livets etappar er viktig for å demme opp for behov for reparasjon seinare i livet. Difor er Arena Ulstein viktig. Arena Ulstein er eit folkehelseprosjekt som må sjåast i eit livsperspektiv og i mange dimensjonar!

Eigedomsskatt:

Høgre og Arbeidarpartiet har i denne perioden gått til val på at vi ikkje vil innføre eigedomsskatt. Med dei økonomiske føresetnadene vi kjenner til per i dag, vil vi kome langt på veg med å bygge opp ein solid driftsbuffer utan eigedomsskatt.

Parkeringsavgift:

Arbeidarpartiet og Høgre er samde om at innføring av parkeringsavgift ikkje er tenleg slik tilhøva er nett no. Det er likevel partia si haldning at vi må arbeide vidare med parkeringsavgift som tiltak fordi det kan hjelpe oss til å skape eit attraktivt sentrum med gode og tenlege parkeringstilhøve. Vi ynskjer at alle som kjem til Ulsteinvik skal møte eit sentrum som er reint og triveleg. Vi ynskjer at dei handlande skal ha fyrsterett på parkeringsplassane. I Ulsteinvik har det etter kvart vorte knapt med ledig areal, og i framtida må vi parkere både over og under jorda og i høgda om vi skal få plass til alle vi vonar og trur skal kome til oss. Både Arena Ulstein og parkeringsavgift handlar om å rigge seg for framtida og skape ein attraktiv tettstad.

Utekontakten:

Ulstein ynskjer å vere ein kommune med mange kvalitetar. Men konsentrasjon og stor tilflytting gir også krevjande utfordringar. Vi merkar ein auka bruk av alkohol og narkotiske stoff i regionen vår. Kommunen gjer grep både med omsyn til frisklivskoordinator og større fokus på psykisk helsevern. Men vi gjer mindre på den direkte oppsøkjande tenesta i fyrstelina. Sidan Utekontakten er eit tiltak som i stor grad går på tvers av kommunegrensene, må tiltaket etablerast i to steg: Både tilstille ressursar og få dei andre kommunane på Ytre Søre med på ei felles satsing. Med budsjettframlegget frå Arbeidarpartiet og Høgre har Ulstein Kommune dei økonomiske ressursane på plass, og så må vi arbeide vidare for å få dei andre kommunane med på å etablere ein Utekontakt. Dersom det skulle vise seg umogeleg å forankre Utekontakten regionalt, ber vi rådmannen om å fremje sak om ei mogeleg etablering av Utekontakten i eiga kommune med eigne midlar.

Om uttalar/utgreiingar frå Levekårsutvalet og Teknisk Utval:

Formannskapet har teke til vitande at både Levekårsutvalet og Teknisk Utval har uttalt seg om saker dei meiner ikkje er openberre salderingssaker.

Dette gjeld mellom anna Snoezelen, der eit samla Levekårsutval har bedt om ei nærare utgreiing av kva Rådmannen sitt kuttforslag eigentleg vil innebere.

Sameleis har Teknisk Utval uttalt seg i høve til ein foreslått reduksjon av brannvernberedskapen som ikkje er uproblematisk. Arbeidarpartiet og Høgre vil sikre at Formannskapet har finansiering til rådvelde ved å doble budsjettposten for Tilleggsløyvingar, slik at formannskapet har større fleksibilitet til å kunne ta grep i desse sakene som ein etter ei samla vurdering finn tenlege og/eller nødvendige.

Med grunnlag spesielt i utgreiing/uttale dagsett 24.11.13 til Levekårsutvalet/Kommunestyret frå 4 fysioterapeutar knytt opp mot Snoezelen, vil Arbeidarpartiet og Høgre gå inn for å vidareføre Snoezelen som eit pedagogisk tilbod knytt opp mot Ulstein Kompetansesenter ved å løve 130' for 2014, og 150' for kvart av dei neste 3 åra i øk. plan perioden. Kommunestyret føreset at

Ulstein Kompetansesenter sjølv syter for resten av finansieringa, anten ved å auke inntektene i tilbodet, eller ved å tilpasse tilbodet til heilskapen i Ulstein kompetansesenter sine tilbod. Dekning: Tilleggsløyvingar.

Selskapsskatt:

Høgre og Arbeidarpartiet forventar at Solberg-regjeringa held lovnaden sin om at kommunane skal få behalde deler av selskapsskatten som vert generert i kommunen. I dag går all selskapsskatten til Staten og inn i systemet for inntektsfordeling til kommunane. For Ulstein Kommune kan ein direkte andel av selskapsskatten i kommunen slå positivt ut.

Framlegg frå Framstegspartiet:

FrP:	2014	2015	2016	2017
Ikkje innføre eigedomsskatt			9 000 000	9 000 000
Ikkje innføre parkeringsavgift		1 517 500	1 517 500	1 517 500
Uttrekk av husleige Arena Ulstein			-5 000 000	-5 000 000
Uttrekk kostnad parkering Arena Ulstein			-1 524 000	-1 524 000
Ikkje legge ned Snoezelen	130 000	300 000	300 000	300 000
Redusert auke i brukarbetaling Oppvekst	300 000	200 000	200 000	100 000
Innføring av kvardagsrehabilitering	700 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Redusert pleiebehov som følgje av kvardagsrehab,		-700 000	-1 000 000	-1 000 000
Styrking av Omsorgsetaten Sone 1-4	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Nye tomter Hasund/Dimna, inv.ramme 6 mill finansiert med låneoptak i påvente av tomtosal	-	-	-	-
Utbetring av kyrkjjetårn	180 000			
Sum endringar	2 130 000	3 317 500	5 493 500	5 393 500
Bruk av driftsfond	-2 130 000	-3 317 500	-5 493 500	-5 393 500
Akkumulert endring driftsfond	16 334 500			

I tillegg kjem verbale punkt, sjå fullstendig framlegg på l.nr. 11304/2013.

Framlegg frå Venstre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti:

V, KrF og SP:	2014	2015	2016	2017
Arena Ulstein ut av budsjettet			-5 000 000	-5 000 000
Snoezelen	130 000	300 000	300 000	300 000
Styrking av Omsorgsetaten Sone 1-4	400 000	400 000	400 000	400 000
Brukarbetaling SFO	245 000	490 000	490 000	490 000
Rammetimetal i skulen	1 100 000	2 200 000	2 200 000	2 200 000
Sjøborg kino	-125 000	-125 000	-125 000	-125 000
Redusert ramme asfalt	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Utekontakt i Ulstein	420 000	420 000	420 000	420 000
Utbetring av kyrkjjetårn	180 000			
Utvida opningstid basseng	100 000	100 000	100 000	100 000
Uttrekk kostnad parkering Arena Ulstein			-1 524 000	-1 524 000
Ikkje innføre eigedomsskatt			9 000 000	9 000 000
Ikkje innføre parkeringsavgift		1 517 500	1 517 500	1 517 500
Sum endringar	2 150 000	5 002 500	7 478 500	7 478 500
Bruk av driftsfond	- 2 150 000	- 5 002 500	-7 478 500	-7 478 500

I tillegg kjem verbale punkt, sjå fullstendig framlegg på l.nr. 11305/2013.

Framlegg frå Ulstein Venstre:

Ulstein Venstre ønsker å redusere godtgjersla til politikarane i Ulstein med NOK 200 000,- for 2014. Dette gjeres jevnt fordelt på alle. Rådmannen utreder og setter i verk reduksjonen.

Disse midlene skal heller gå til leirskuleopphold for 6. klasse i grunnskulen.

Protokolltilførsel frå Ulstein Venstre, KrF og SP vedkomande Arena Ulstein:

Vi er mot at prosjektet Arena Ulstein blir vedtatt i den forma og med den kostnadsstørrelsen og den framdriftsplanen den no har.

Ulstein Høgre v/Tor Meinseth bad om gruppemøte. Det vart innvilga.

ENDRINGAR I ADMINISTRATIVT FRAMLEGG I POLITISK PROSESS KST

Driftstiltak:

Tiltak	2014	2015	2016	2017	Avstemming:
Endringar rammetilskot, nytt budsjettforslag	1 301 153	2 096 452	2 096 452	2 096 452	25/0
Tilbakeføring- Makspris barnehage	-278 432	-360 765	-360 765	-360 765	25/0
Tilbakeføring -To barnehageopptak pr år	-376 799	-529 122	-529 122	-529 122	25/0
Kontantstøtte - mindre barnehageplassar	-534 000	-534 000	-534 000	-534 000	25/0
Skjønn Fylkemannen	-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000	25/0
Nye satsar barnehagetilskot	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	25/0
Fordelt husleige Reiten	-	-	-	-	25/0
Fordelt avsett pott lokalt oppgjer 2013	-	-	-	-	25/0
Korrigert inntekt parkering		800 000	800 000	800 000	25/0
Investeringsstiltak:					
IKT investeringar SSIKT, lån 322 327	-	-	-	-	25/0
Ulstein legesenter, lån 1 086 000	-	-	-	-	25/0
Endringar RÅDMANN	361 922	1 722 565	1 722 565	1 722 565	
Bruk av driftsfond	-361 922	-1 722 565	-1 722 565	-1 722 565	25/0
Akkumulert bruk fond	5 529 617				

FRAMLEGG ALLE PARTI:

Ikkje Eigedomsskatt			9 000 000	9 000 000	25/0
Ikkje parkeringsavgift		1 517 500	1 517 500	1 517 500	25/0
Endringar alle parti	-	1 517 500	10 517 500	10 517 500	
Bruk av driftsfond	-	-1 517 500	-10 517 500	-10 517 500	25/0
Akkumulert bruk fond	22 552 500				

H og AP:	2014	2015	2016	2017	
Styrking tilleggsløyving	370 000	350 000	350 000	350 000	14/11
Ikkje legge ned Snozelen	130 000	150 000	150 000	150 000	25/0
Sum endringar H og AP	500 000	500 000	500 000	500 000	
Bruk av driftsfond	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	14/11

Akkumulert bruk fond	2 000 000				
FrP, V, KrF og SP:					
Uttrekk av husleige Arena Ulstein			-5 000 000	-5 000 000	11/14
Ikkje legge ned Snozelen	130 000	300 000	300 000	300 000	11/14
Uttrekk kostnad parkering Arena Ulstein			-1 524 000	-1 524 000	11/14
Utbetring av kyrkjetårn	180 000				11/14
Vaktlag brann	200 000	400 000	400 000	400 000	25/0
Sum endringar FrP, V, KrF og SP	510 000	700 000	-5 824 000	-5 824 000	
Bruk av driftsfond	-510 000	-700 000	5 824 000	5 824 000	
FrP:					
	2014	2015	2016	2017	
Redusert auke i brukarbetaling Oppvekst	300 000	200 000	200 000	100 000	6/19
Innføring av kvardagsrehabilitering	700 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	11/14
Redusert pleiebehov som følgje av kvardagsrehab,		-700 000	-1 000 000	-1 000 000	11/14
Styrking av Omsorgsetaten Sone 1-4	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	7/18
Bustadtomter Hasund og Dimna, inv.ramme 6 mill i påvente av tomtinntekter	-	-	-	-	25/0
Sum endringar FrP	2 000 000	1 500 000	1 200 000	1 100 000	
Bruk av driftsfond	-2 000 000	-1 500 000	-1 200 000	-1 100 000	
Akkumulert bruk	5 800 000				
V, KrF og SP:					
	2014	2015	2016	2017	
Styrking av Omsorgsetaten Sone 1-4	400 000	400 000	400 000	400 000	11/14
Brukarbetaling SFO	195 000	390 000	390 000	390 000	11/14
Rammetimetal i skulen	1 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	7/18
Sjøborg kino	-125 000	-125 000	-125 000	-125 000	7/18
Redusert ramme asfalt	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	7/18
Utekontakt i Ulstein	420 000	420 000	420 000	420 000	11/14
Utvida opningstid basseng	100 000	100 000	100 000	100 000	11/14
Sum endringar V, KrF og SP	1 690 000	2 885 000	2 885 000	2 885 000	
Akkumulert bruk fond	10 345 000				
V:					
Leirskule	200 000	200 000	200 000	200 000	9/16
Reduksjon møtegodtgjersle	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	10/15
Bruk av fond	-200 000	-400 000	-400 000	-400 000	25/0

Røysting:

1. Verbalframlegget frå Høgre og AP vart vedteke med 14 mot 11 røyster.
2. Verbalframlegget frå FrP fekk 11 røyster og fall.
3. Verbalframlegget frå KrF, SP og Venstre fekk 11 røyster og fall.
4. Endringar i administrativ framlegg og framlegg frå alle parti (11 første tiltak i vedtaket) vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

5. Framlegg frå Høgre og AP - styrking av tilleggsøyving – vart vedteke med 14 mot 11 røyster.
6. Framlegg frå Høgre og AP – ikkje legge ned Snoezelen – vart vedteke med 25 mot 0 røyster.
7. Framlegg frå Høgre og AP – bruk av driftsfond – vart vedteke med 14 mot 11 røyster.
8. Framlegg frå FrP, V, KrF og SP - uttrekk av husleige Arena Ulstein – fekk 11 røyster og fall.
9. Framlegg frå FrP, V, KrF og SP - ikkje legge ned Snoezelen – fekk 11 røyster og fall.
10. Framlegg frå FrP, V, KrF og SP – uttrekk kostnad Arena Ulstein – fekk 11 røyster og fall.
11. Framlegg frå FrP, V, KrF og SP – utbetring av kyrkjetårn – fekk 11 røyster og fall.
12. Framlegg frå FrP, V, KrF og SP – vaktlag brann – vart vedteke med 25 mot 0 røyster.
13. Framlegg frå FrP – redusert auke i brukarbetaling Oppvekst – fekk 6 røyster og fall.
14. Framlegg frå FrP – innføring av kvardagsrehabilitering – fekk 11 røyster og fall.
15. Framlegg frå FrP – redusert pleiebehov som følgje av kvardagsrehab – fekk 11 røyster og fall.
16. Framlegg frå FrP – styrking av Omsorgsetaten Sone 1-4 – fekk 7 røyster og fall.
17. Framlegg frå FrP – bustadtometer Hasund og Dimna, investeringsramme 6 mill i påvente av tomteinntekter – vart vedteke med 25 mot 0 røyster.
18. Framlegg frå V, KrF og SP – styrking av Omsorgsetaten Sone 1-4 – fekk 11 røyster og fall.
19. Framlegg frå V, KrF og SP – Brukarbetaling SFO – fekk 11 røyster og fall.
20. Framlegg frå V, KrF og SP – rammetimetal i skulen – fekk 7 røyster og fall.
21. Framlegg frå V, KrF og SP – Sjøborg kino – fekk 7 røyster og fall.
22. Framlegg frå V, KrF og SP – redusert ramme asfalt – fekk 7 røyster og fall.
23. Framlegg frå V, KrF og SP – utekontakt Ulstein – fekk 11 røyster og fall.
24. Framlegg frå V, KrF og SP – utvida opningstid basseng – fekk 11 røyster og fall.
25. Framlegg frå Venstre – leirskule – fekk 9 røyster og fall.
26. Framlegg frå Venstre – reduksjon møtegodtgjersle – fekk 10 røyster og fall.
27. Akkumulert bruk av fond vart vedteke med 25 mot 0 røyster.
28. Tilrådinga frå Ulstein formannskap pkt. 2 vart vedteken med 25 mot 0 røyster.
29. Tilråding frå Ulstein formannskap pkt. 3 vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

Endeleg røysting – samrøystes vedteke:

Ulstein formannskap si tilråding av 26.11.2013 med skjema 1a og 1b, skjema 2a og 2b og med dei endringstillegga som er røysta over og vedteke, er Ulstein kommune sitt budsjett for 2014 og økonomiplan for perioden 2014 - 2017.

-----o-----

Link vert sendt til:

1. Kommunestyret
2. Rådmannen
3. Ass. rådmann
4. Kommunalsjefane
5. Mellomleiarane
6. Servicetorget
7. Kommunerevisoren
8. Vest kontroll v/Jostein Støylen
9. Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune
Politisk sekretariat, 12.12.2013.

Marianne Hatløy
politisk sekretær